

VELKOMMEN SOM ELEV VED ASKØY VGS SKULEÅRET 2023/2024!

Vi gler oss til å ta imot deg i nytt og flott skolebygg!

Når du startar på ein ny skule, er det mykje nytt å sette seg inn i, og nye menneske å bli kjent med. For å gjere starten litt lettare har vi samla noko av den viktigaste informasjonen om praktiske ting her. Les gjennom, slik at du er førebudd. Det er for eksempel ein stor fordel om du har signert lånekontrakt for bøker, og kjøpt pc før skulestart. Informasjon om anna utstyr får du første skuledag.

Det er viktig at du følger godt med på den informasjonen du får av kontaktlærer og andre på skolen dei første dagane. Hugs at alle er nye, og at du er viktig for å lage eit godt klassemiljø for både deg sjølv og dei andre. Ikkje ver redd for å spørje når du lurar på noko. Vi er her for deg!

Les meir om oppmøte **1. skuledag 17. august** i eige oppslag på heimesida til skulen;

<https://www.askoy.vgs.no/>

1.skuledag vil kontaktlærer sjekke at vi har **riktige telefonnummer** til både deg og dine føresette. Skulen hentar informasjon om adresse og føresette frå folkeregisteret, så hugs å melde adresseendringar der. Bur du på hybel ønsker vi å vite om det. Ta kontakt dersom det er noko anna du meiner vi bør vite om eller ta hensyn til.

Utlevering av bøker vil skje i løpet av den første veka etter skulestart. Du får ikkje utlevert bøker utan å ha signert kontrakten for utlån av **lærebøker**. Lenke til kontrakten du skal signere digitalt finn du her; [Askøy vgs. Biblioteket](#) Ha med kvittering på mobil når du skal hente lærebøkene. Det er også smart å laste ned appen BiblioFil. Du finn meir informasjon om dette i lenka over.

Informasjon om **skole-PC** finn du her: <https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/elev/elevpc/> Du må kjøpe maskin sjølv, men får nødvendig programvare av skulen. Vi anbefaler PC, det vil for de aller fleste fungere best. For nokre utdanningsprogram kan det vere eigne krav til kva maskin du bør ha, ta kontakt dersom du lurar på dette. Ved skulestart får du opplæring i bruk av nett og ulike plattformer, og installasjon og bruk av programvare.

Når du har fått plass i vidaregåande har du rett på **utstyrsstipend frå Lånekassen**. [Les meir om dette og om andre stipend på Lånekassen.no](#)

Skal du reise kollektivt til skolen, så er **ungdomsbillett** den beste måten å kjøpe billett på; [30-dagars ungdomsbillett - Skyss](#). Dersom du ikkje kan benytte deg av dette, så kan Skyss ha andre tilbod; les meir om skuleskyss her: [Skyss](#)

Onsdag 23. august startar vi med **startsamtar**. Du vil få ein invitasjon frå din kontaktlærer. Det er fint om du kan førebu ved å lese gjennom dei punkta de skal snakke om. Føresette til elevar under 18 år er velkomne til å delta på startsamtalet. I tillegg til startsamtar blir dagen brukt til å bli betre kjent med skolen, og med kvarandre.

For å få mest mogleg ut av opplæringa er det viktig å møte og delta aktivt på skulen. Ved fråvær må du melde frå til kontaktlærar. Det er lurt å setje seg inn i **fråværsreglane**, og dei finn du her: [fravarsreglement-for-dei-vidaregaande-skulane-i-vestland.pdf \(vestlandfylke.no\)](https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/elev/rett-til-godt-skulemiljo/)

Onsdag 30. august kl. 18:00 er føresette til elevar under 18 år invitert til foreldremøte. På møtet blir det gitt viktig informasjon om samarbeidet mellom skule og heim, og moglegheiter for å bli betre kjent med skulen, og med oss som arbeider her.

På Askøy vidaregåande skule er vi opptatt av at alle elevar skal ha ein trygg og god skulekvardag. Dette aukar sjansane for læring og trivsel, og gir eit godt arbeidsmiljø for både elevar og tilsette. For å få det til er alle viktige, og kvar enkelt av oss må vere med for å skape eit godt skule- og læringsmiljø. Retten til eit trygt og godt skulemiljø er gitt i opplæringslova kapittel 9A, og ordensreglement og andre reglement ved skulen seier noko om korleis vi skal få det til. Du kan lese meir om dette her: <https://vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/elev/rett-til-godt-skulemiljo/> og her: <https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/hjelp-i-skulekvardagen/elev-og-larlingombodet/elev/>

Meir informasjon om skulen finn du på [Askøy vgs](https://www.askoy.vgs.no/)! Her finn du også ein kalender med datoar for mykje av det som skjer på skulen i løpet av skuleåret; <https://www.askoy.vgs.no/kva-skjer/>

Du finn også mye informasjon om vidaregåande opplæring på fylkeskommunen si nettside; <https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/elev/>

Det er som du ser mykje å setje seg inn i, men ikkje ver redd. Du vil få meir informasjon, og hjelp til å finne ut av det etter kvart. Fredag 19. august får du bruke dagen på å få ting i orden, slik at du er klar til å starte opplæringa måndag 21. august.

Vi gler oss til å bli kjent med deg og ønskjer deg eit lærerikt og triveleg skuleår!

Lurer du på noko? Ta kontakt ved å sende e-post til skulen; post.asv@vlfk.no

Lykke til med skulestarten!

Vennleg helsing, på vegne av alle tilsette ved Askøy vidaregåande skule!

Oddvar Skråmestø
Rektor

Berit Karin Ø. Nilssen
Assisterande rektor